



DET KONGELEGE
ARBEIDS- OG INKLUDERINGSDEPARTEMENT

Meld. St. 27

(2024–2025)

Melding til Stortinget

Regulering av pensjonar i 2025
og inntektstilhøve for pensjonistar



DET KONGELEGE
ARBEIDS- OG INKLUDERINGSDEPARTEMENT

Meld. St. 27

(2024–2025)

Melding til Stortinget

Regulering av pensjonar i 2025
og inntektstilhøve for pensjonistar

Innhald

1	Innleiing	5	4	Inntektsutvikling blant den eldre delen av befolkninga	15
2	Regulering av pensjonar m.m. i 2025	6	5	Minste pensjonsnivå og låginntekt blant alderspensjonistane	21
2.1	Regler for regulering	6			
2.2	Regulering frå 1. mai 2025	6			
2.3	Drøftingar med organisasjonane om talgrunnlaget	7			
3	Faktorar som påverkar realinntektsutviklinga og kjøpekrafta til pensjonistar	12	Vedlegg		
3.1	Innleiing	12	1	Forskrift 6. mai 2011 nr. 465	25
3.2	Realvekst i alderspensjon	12	2	Forskrift 25. mai 2025 nr. 837	30
3.3	Endring av skatt i 2025	13	3	Avtale mellom regjeringa og organisasjonane av 20. juni 2022 ...	34
3.4	Vekst i utbetalt pensjon for ulike hushaldstypar	13	4	Protokoll frå møte 4. april 2025	37
			5	Protokoll frå møtene 19. og 22. mai 2025	41
			6	Tabellar	49



DET KONGELEGE
ARBEIDS- OG INKLUDERINGSDEPARTEMENT

Meld. St. 27

(2024–2025)

Melding til Stortinget

Regulering av pensjonar i 2025 og inntektstilhøve for pensjonistar

*Tilråding frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet 6. juni 2025,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Innleiing

Arbeids- og inkluderingsdepartementet legg med dette fram melding om regulering av pensjonar i 2025 og inntektstilhøve for pensjonistar.

Den pårekna effekten av neste års regulering av pensjonar, basert på anslaget for lønnsvekst i statsbudsjettet, vert budsjetttert på dei relevante postane på budsjettet til Arbeids- og inkluderingsdepartementet direkte og som ein del av den ordinære budsjettprosessen, jf. Prop. 1 S frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet. Viss det trengst, vil dei relevante budsjettpostane verte korrigerte i samband med handsaminga av revidert nasjonalbudsjett.

Det skal gjennomførast drøftingar med organisasjonane til pensjonistane, dei funksjonshemma og arbeidstakarane om talgrunnlaget for regule-

ringa. Drøftingane skal gjennomførast i møte straks etter at revidert nasjonalbudsjett er lagt fram.

Punkt 2 gjev ein gjennomgang av reguleringsreglane og reguleringa av pensjonar m.m. i 2025. Faktorar som påverkar realinntektsutviklinga og kjøpekrafta til pensjonistar, vert handsama i punkt 3, og inntektsutviklinga blant den eldre befolkninga vert omtalt i punkt 4. Punkt 5 tek for seg utviklinga i talet på og prosentdelen minstepensjonistar og utviklinga i låginntekt blant alderspensjonistane. Protokollar og referat frå drøftingsmøta, tabellar over den historiske utviklinga av pensjonane og statistiske opplysningar m.m. følgjer som vedlegg 1–6.

2 Regulering av pensjonar m.m. i 2025

2.1 Regler for regulering

Frå og med 2022 vert alderspensjon under utbetaling regulert i tråd med nye reglar for regulering av alderspensjon vedtekne av Stortinget våren 2022, jf. Prop. 41 L (2021–2022) *Endringer i folketrygdloven, lov om Statens pensjonskasse og enkelte andre lover (endret regulering av alderspensjon under utbetaling)*. Alderspensjon under utbetaling skal frå og med 2022 regulerast med gjennomsnittet av lønns- og prisvekst. Grunnbeløpet regulerast i samsvar med lønnsveksten. Alderspensjon under opptening, uføretrygd og andre ytingar som vert regulerte i tråd med endringar i grunnbeløpet, vert dermed også regulerte i samsvar med lønnsveksten. Minste pensjonsnivå og garantipensjon og andre lovfesta pensjonsytingar som har same reguleringsføresegner som folketrygda, eller som viser direkte til reguleringsføresegner i folketrygda vert regulert med gjennomsnitt av lønns- og prisveksten.

Til grunn for den årlege reguleringa ligg den pårekna lønnsveksten i reguleringsåret, justert for eventuelle avvik mellom pårekna og faktisk lønnsvekst dei siste to åra. Den pårekna lønnsveksten i reguleringsåret set ein lik anslaget for gjennomsnittleg årslønnsvekst i revidert nasjonalbudsjett (RNB). Faktisk lønnsvekst dei siste to åra set ein til årslønnsveksten for lønnstakarar under eitt, som går fram av nasjonalrekneskapen som Statistisk sentralbyrå (SSB) publiserer. Veksten i konsumprisane frå revidert nasjonalbudsjett vert lagd til grunn for årets prisvekst, og ein korrigerer for eventuelt avvik i pårekna prisvekst og faktisk prisvekst i det føregåande året. Faktisk prisvekst for året før reguleringsåret vert fastsett av SSB. Departementet viser til forskrift 6. mai 2011 nr. 465 om beregning av lønnsveksten som skal benyttes ved regulering av grunnbeløpet og alderspensjon i folketrygden. Forskrifta følgjer som vedlegg 1.

AFP i privat sektor vert regulert i tråd med dei gamle reglane, altså med lønnsveksten og deretter trekt frå ein fast faktor på 0,75 prosent.

I pensjonsavtalen som blei inngått på Stortinget 29. februar 2024 heiter det:

«Minsteytelsene i pensjonssystemet skal reguleres i tråd med forslaget i Meld. St. 6 (2023–2024) – Et forbedret pensjonssystem med en styrket sosial profil. Forslaget innebærer at minstesatsene G-reguleres. Alle løpende pensjoner reguleres med snitt av lønns- og prisvekst. G-regulering av minstesatsene sikrer at minsteytelsene følger velstandsveksten i samfunnet. Regulering med snitt av lønns- og prisvekst etter uttak, sikrer at de som mottar minsteytelsene i likhet med andre pensjonister, får økt kjøpekraft når lønnsinntektene får det.»

Avtalen inneber at minsteytingane framover skal regulerast i samsvar med grunnbeløpet (G). Sidan det er lønnsutviklinga som ligg til grunn for reguleringa av G, vil det seie at minsteytingane skal regulerast i tråd med lønnsveksten. Samtidig skal løpende pensjonar framleis regulerast med eit gjennomsnitt av lønns- og prisveksten. Departementet jobbar med eit høyringsnotat som konkretiserer endringane som pensjonsforliket har einast om.

2.2 Regulering frå 1. mai 2025

Ved den årlege reguleringa skal ein som nemnt leggje til grunn forventa lønnsvekst i reguleringsåret og justere for eventuelle avvik mellom forventa og faktisk lønnsvekst dei siste to åra. Veksten i konsumprisane frå revidert nasjonalbudsjett vert lagd til grunn for årets prisvekst.

Lønnsveksten i 2025 vart i revidert nasjonalbudsjett anslått til 4,4 prosent. Ved reguleringa i 2024 vart det lagt til grunn ein forventa lønnsvekst i 2024 på 5,2 prosent. Ifølgje førebelse tal frå nasjonalrekneskapen vart årslønnsveksten 5,6 prosent i 2024. Det ligg dermed føre eit positivt avvik eit år tilbake i tid på 0,4 prosentpoeng som det skal takast omsyn til i årets regulering. Lønnsvekst for 2023 er fastsett til 5,2 prosent, og det ligg ikkje føre avvik to år tilbake i tid. Dette gir ein samla årleg lønnsvekst i 2025 (vekst i gjennomsnittleg grunnbeløp) på 4,82 prosent. Veksten i grunnbeløpet frå 1. mai vert 4,94 prosent.

På bakgrunn av desse anslaga vert det gjennomsnittlege grunnbeløpet auka frå 122 225 kroner i 2024 til 128 116 kroner i 2025. Nytt grunnbeløp frå 1. mai 2025 er 130 160 kroner.

Veksten i konsumprisane i 2025 er anslått til 2,8 prosent i revidert nasjonalbudsjett. Faktisk prisvekst i 2024 er fastsett til 3,1 prosent av Statistisk sentralbyrå. Det er eit negativt avvik i prisveksten for 2024 på 0,8 prosentpoeng som skal takast omsyn til i årets regulering.

Samla prosentvis prisvekst i 2025 er 1,98 prosent. Gjennomsnittet av lønns- og prisvekst er 3,40 prosent. Den prosentvise auken i alderspensjon under utbetaling og satsane for minste pensjonsnivå og garantipensjon er 3,71 prosent frå 1. mai.

Sjå boks 2.1 og boks 2.2.

Forskrift 23. mai 2025 nr. 837 om grunnbeløp, reguleringsfaktorer, satser for minste pensjonsnivå og satser for garantipensjon i folketrygden frå 1. mai 2025 og virkningstidspunkt for regulering av kravet til minsteinntekt for rett til ytelser etter folketrygdloven kapitlene 4, 8, 9 og 14 vart fastsett ved kongeleg resolusjon 23. mai 2025. Denne forskrifta følgjer som vedlegg 2.

Boks 2.3 viser utrekning av vekst i minste pensjonsnivå frå 1. mai 2025.

2.3 Drøftingar med organisasjonane om talgrunnlaget

Talgrunnlaget for utrekning av lønnsveksten som vert brukt ved regulering av grunnbeløpet og pensjonar, skal gåast gjennom og drøftast med organisasjonane til pensjonistane, dei funksjonshemma og arbeidstakarane før den samla lønnsveksten vert fastsett. Dette følgjer av forskrift 6. mai 2011 nr. 465 om beregning av lønnsveksten som skal benyttes ved regulering av grunnbeløpet og alderspensjon i folketrygden § 4.

Drøftingsordninga er formalisert i avtale av 20. juni 2022 mellom regjeringen og pensjonistene, de funksjonshemmedes og arbeidstakernes organisasjoner om regulering av folketrygdens grunnbeløp og pensjoner. Avtalen regulerer formålet med drøftingane, kva organisasjonar som skal vere representerte på møta, talet på møtedeltakarar frå kvar organisasjon og gjennomføringa av møta. Sjå vedlegg 3.

Det følgjer av avtalen at formålet med drøftingane er å sikre, så langt det er mogleg, ei felles forståing mellom partane om føresetnadene som skal leggjast til grunn for reguleringa. Partane skal også vurdere om det ligg føre særlege tilhøve som har påverka lønnsutviklinga for einskild-

grupper, og om effekten av dette skal haldast utanfor ved fastsetjinga av lønnsveksten.

Etter at talgrunnlaget er drøfta med organisasjonane, fastset Kongen, med heimel i folketrygdloven § 1-4, 4-4, 19-14 og 20-18, reguleringsfaktorar og satsar for minste pensjonsnivå.

Pensjonistforbundet (SAKO-samarbeidet¹), Seniorsaken, Forsvarets seniorforbund, Landsforbundet for offentlige pensjonister, Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon, Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner, Landsorganisasjonen i Norge (LO), Unio, Yrkesorganisasjonens Sentralforbund (YS) og Akademikerne deltek i drøftingsmøta. Finansdepartementet er også representert. Arbeids- og inkluderingsministeren leier møta.

I forkant av sjølve drøftingsmøta vart det 4. april 2025 halde eit møte mellom organisasjonane og Arbeids- og inkluderingsdepartementet der rapporten «Grunnlaget for inntektsoppgjørene 2025» frå det tekniske utrekningsutvalet for inntektsoppgjera vart gjennomgått. Protokollen frå møtet følgjer som vedlegg 4.

Drøftingsmøta vart gjennomførte 19. og 22. mai 2025. Det vart slått fast at anslaget for lønnsveksten i 2025 i revidert nasjonalbudsjett er 4,4 prosent. Det vart også slått fast at faktisk lønnsvekst for 2024 er utrekna til 5,6 prosent. Det ligg dermed føre eit positivt avvik på 0,4 prosentpoeng eit år tilbake i tid som det skal takast omsyn til. Lønnsvekst i 2023 vert fastslått til 5,2 prosent. Det ligg ikkje føre avvik to år tilbake i tid. Det låg ikkje føre «særlege tilhøve» som skulle takast omsyn til ved berekninga av lønnsveksten. Veksten i konsumprisane er anslått til 2,8 prosent i revidert nasjonalbudsjett. Faktisk prisvekst i 2024 er fastslått til 3,1 prosent. Prisveksten vart i 2024 anslått til 3,9 prosent og det ligg føre eit negativt avvik på 0,8 prosentpoeng for 2024 det skal korrigierast for.

Det var semje om talgrunnlaget.

Pensjonistforbundet (SAKO) og SAFO meiner at trygdeoppgjeret manglar ein sosial profil og at Stortinget må ta ansvar. Organisasjonane meiner den ordinære pensjonsreguleringa dei siste 10 åra (2015–2024) ikkje har vore tilstrekkeleg til å halda oppe kjøpekrafta til pensjonistane. Organisasjonane krev at pensjonistane får eit kronetillegg som kjem i tillegg til den ordinære oppreguleringa, og foreslår at tillegget blir øyremerkte eit løft av dei

¹ SAKO-samarbeidet er ein samarbeidskomité med representantar frå pensjonistutvalet i LO Stat, Telepensjonistenes Landsforbund, Fagforbundet sitt sentrale pensjonistutval, Postens Pensjonistforbund, Politiets Pensjonistforbund, Jernbanepensjonistenes Forbund og Statens vegvesens pensjonistforbund.

Boks 2.1 Utrekning av vekst i alderspensjon frå 1. mai 2025

	2024	2025
<i>Lønnsvekst:</i>		
Pårekna lønnsvekst for inneverande år	5,20 %	4,40 %
Pårekna lønnsvekst for i fjor	5,20 %	5,60 %
Pårekna lønnsvekst for to år sidan	4,30 %	5,20 %
<i>Samla (1)</i>	<i>5,15 %</i>	<i>4,82 %</i>
<i>Prisvekst:</i>		
Anslag for inneverande år	3,90 %	2,80 %
Prisvekst for i fjor	5,50 %	3,10 %
<i>Samla (2)</i>	<i>4,00 %</i>	<i>1,98 %</i>
<i>Gjennomsnitt av lønns- og prisvekst</i>	<i>4,58 %</i>	<i>3,40 %</i>
<i>Prosentvis auke i alderspensjon frå 1. mai</i>	<i>2,76 %</i>	<i>3,71 %</i>

Samla prosentvis årslønnsvekst i 2025:

Den samla prosentvis årslønnsveksten (*sl*) som skal brukast ved reguleringa, skal reknast ut etter følgjande formel:

$$sl = ((1 + a1/100) \cdot (1 + a2/100) \cdot (1 + f/100) - 1) \cdot 100$$

Faktorane *a1* og *a2* er avviket i prosentpoeng mellom forventa og faktisk lønnsauke eitt og to år tilbake i tid, noko som i 2025 vil seie 0,40 prosentpoeng for 2024 og 0,0 prosentpoeng for 2023. Faktoren *f* er forventa lønnsvekst i 2025, anslått til 4,40 prosent.

$$((1 + 0,40/100) \cdot (1 + 0,0/100) \cdot (1 + 4,40/100) - 1) \cdot 100 = 4,82 \text{ prosent}$$

Samla årleg lønnsvekst i 2025 (vekst i gjennomsnittleg *G*) vart på denne bakgrunnen utrekna til *4,82 prosent*.

Vekst i grunnbeløp frå 1. mai 2025:

Nytt grunnbeløp frå 1. mai vert fastsett slik at den prosentvis veksten i det gjennomsnittlege grunnbeløpet frå 2024 til 2025 vert lik den samla årslønnsveksten.

$$(124\,028 \cdot 4 + 130\,160 \cdot 8) : 12 = 128\,116$$

Grunnbeløpet aukar frå 124 028 kroner til 130 160 kroner.

Vekst i grunnbeløpet frå 1. mai er *4,94 prosent*

Vekst i alderspensjon under utbetaling frå 1. mai 2025:

Alderspensjon under utbetaling vert regulert med gjennomsnittet av lønns- og prisvekst. Samla årleg lønnsvekst i 2025 på 4,82 prosent og samla prisvekst på 1,98 prosent gjev eit gjennomsnitt av lønns- og prisvekst på 3,40 prosent. Ein årsvekst på 3,40 prosent gjev ein prosentvis auke i alderspensjon frå 1. mai på 3,71 prosent, sjå boks 2.2.

Reguleringsfaktoren etter folketrygdloven § 19-14 andre ledd og § 20-18 andre ledd frå 1. mai 2025 er dermed *3,71 prosent*.

Vekst i minste pensjonsnivå og garantipensjon frå 1. mai 2025

Minste pensjonsnivå og garantipensjonen vert regulert på same måte som alderspensjon under utbetaling over minstenivået.

Boks 2.2 Frå årsvekst til vekst frå 1. mai**Årsvekst**

Årsveksten for alderspensjon under utbetaling finn ein med gjennomsnittet av lønns- og prisvekst, som forklart i boks 2.1. Samla prosentvis årslønnsvekst i 2025 på 4,82 prosent og ein samla prosentvis prisvekst i 2025 på 1,98 prosent gjev eit gjennomsnitt av lønns- og prisvekst på 3,40 prosent.

$$(4,82 + 1,98) : 2 = 3,40 \text{ prosent.}$$

Årsveksten i alderspensjon under utbetaling skal altså vere 3,40 prosent.

Vekst frå 1. mai:

Når ein veit kva årsveksten skal vere, kan ein rekne seg bakover for å finne veksten som må gjelde frå 1. mai. Under følgjer departementet sin formel for avleiing av vekst frå 1. mai når ein veit årleg vekst.

Z1 = nivå på årleg alderspensjon frå 1. januar 2024

Z2 = nivå på årleg alderspensjon frå 1. mai 2024

Z3 = nivå på årleg alderspensjon frå 1. mai 2025

P1 = prosentvis vekst i alderspensjon frå 1. mai 2024

P2 = prosentvis vekst i alderspensjon frå 1. mai 2025

Y2 = prosentvis årleg vekst i alderspensjon frå 2024 til 2025

Nivå på årleg alderspensjon i 2024:

$$4 \cdot Z1 + 8 \cdot Z2 = 4 \cdot Z1 + 8 \cdot (1 + P1) \cdot Z1$$

Nivå på årleg alderspensjon i 2025:

$$4 \cdot Z2 + 8 \cdot Z3 = 4 \cdot (1 + P1) \cdot Z1 + 8 \cdot (1 + P1) \cdot (1 + P2) \cdot Z1$$

Prosentvis årleg vekst er altså:

$$\frac{4(1+P1)Z1 + 8(1+P1)(1+P2)Z1}{4Z1 + 8(1+P1)Z1}$$

Og dette må vere lik $1 + Y2$, altså:

$$\frac{4(1+P1)Z1 + 8(1+P1)(1+P2)Z1}{4Z1 + 8(1+P1)Z1} = (1 + Y2)$$

Kan skrivast:

$$\frac{4(1+P1) + 8(1+P1)(1+P2)}{4 + 8(1+P1)} = (1 + Y2)$$

Boks 2.2 (forts.)

Kan skrivast:

$$\frac{(1+P1)+2(1+P2)(1+P1)}{1+2(1+P1)} = (1 + Y2)$$

Deretter kan ein løyse for P2, prosentvis vekst i alderspensjon frå 1. mai 2025, som er det ein er ute etter:

$$P2 = \frac{(1+Y2)(1+2(1+P1))}{2(1+P1)} - \frac{3}{2}$$

Til slutt kan ein setje inn tala for Y2 og P1, som ein allereie kjenner, noko som gjev P2:

Y2 = prosentvis årleg vekst i alderspensjon frå 2024 til 2025 = 3,40 prosent

P1 = prosentvis vekst i alderspensjon frå 1. mai 2024 = 2,76 prosent

$$P2 = \frac{(1+0,0340)(1+2(1+0,0276))}{2(1+0,0276)} - \frac{3}{2}$$

$$P2 = 0,0371$$

Prosentvis vekst i alderspensjon under utbetaling frå 1. mai er *3,71 prosent*.

lågaste pensjonane, slik låglønnstillegg fungerer i lønnsoppgjera. Alle som har ein pensjon under fattigdomsgrensa (EU60) må givast eit løft. Organisasjonane er skuffa over at gjenlevendetillegget frå og med fjorårets trygdeoppgjer ikkje lenger skal auka på lik linje med resten av pensjonen, og krev at gjenlevendetillegget skal auka på lik linje med resten av pensjonen. Organisasjonane krev også at det blir innført ei etterlatenpensjonsordning for alderspensjonistar fødd i årskulla omfatta av pensjonsopptening etter nytt regelverk.

Organisasjonane krev også etterbetaling av skjermingstillegget til uføre.

Unio, FFO, LO, Akademikerne, YS, Forsvarets seniorforbund, Senior Norge og LOP legg til grunn at resultatet er i samsvar med reguleringsreglane, og krev at det i trygdedrøftingane for 2025 skal takast omsyn til eit avvik i lønnsveksten i 2024 på 0,4 pst og eit avvik i prisveksten på -0,8 pst.

Protokollen frå møta følgjer som vedlegg 5.

Boks 2.3 Utrekning av vekst i minste pensjonsnivå og garantipensjon frå 1. mai 2025

Vekst i minste pensjonsnivå frå 1. mai 2025:

Satsane for minste pensjonsnivå og garantipensjon vert regulerte med gjennomsnittet av lønns- og prisvekst, på same måte som alderspensjon under utbetaling over minstenivået.

Døme på minste pensjonsnivå etter ordinær sats:

$$223\,358 \cdot (1 + 3,71/100) = 231\,645$$

Minste pensjonsnivå etter ordinær sats aukar frå 223 358 kroner til 231 645 kroner.

Vekst i minstesatsane frå 1. mai er *3,71 prosent*.

Frå 1. mai 2025 auka særskild sats til einslege med 6000 kroner. Vekst i særskild sats til einslege frå 1. mai er *5,98 prosent*.

Minste pensjonsnivå, kroner

	1. mai 2020	1. mai 2021	1. mai 2021 ¹	1. juli 2021	1. mai 2022	1. mai 2023	1. mai 2024	1. mai 2025
Låg sats (ektefelle har pensjon)	158 621	166 242	167 125	167 125 (166 242)	173 025	187 801	192 984	200 144
Ordinær sats (ektefellen har uføretrygd eller årleg inntekt over 2 G)	183 587	192 408	193 429	193 429 (192 408)	200 257	217 359	223 358	231 645
Høg sats (pensjonist med ektefelle som har inntekt under 2 G, og som ikkje har pensjon eller trygd)	193 188	202 470	203 545	203 545 (202 470)	210 730	228 726	235 039	243 759
Særskild sats (einsleg pensjonist)	208 690	218 717	219 878	224 878 ² (223 717)	232 816	257 040 ³	264 134	279 933 ⁴
Særskild sats (forsørgjer ektefelle over 60 år og fyller vilkåra for rett til ektefelletillegg)	300 704	315 152	316 825	316 825 (315 152)	328 009	356 021	365 847	379 420

¹ Særskild omregulering for 2021 med verknad frå 1. mai 2021.

² Frå 1. juli 2021 auka særskild sats til einslege med 5 000 kroner. Den særskilde omreguleringa for 2021 med verknad frå 1. mai 2021 gav eit nytt nivå som auken skulle ha teke utgangspunkt i. Tala i parentes viser nivået før omreguleringa for 2021.

³ Frå 1. januar 2023 auka særskild sats til einslege med 4 000 kroner.

⁴ Frå 1. mai 2025 auka særskild sats til einslege med 6 000 kroner.

Garantipensjon, kroner

	1. mai 2020	1. mai 2021	1. mai 2021 ¹	1. mai 2022	1. mai 2023	1. mai 2024	1. mai 2025
Ordinær sats (ektefellen har uføretrygd, alderspensjon, AFP eller årleg inntekt over 2 G)	177 724	186 263	187 252	193 862	210 418	216 226	224 248
Høg sats (einsleg pensjonist og pensjonist med ektefelle som har inntekt under 2 G, og som ikkje har pensjon eller trygd)	192 125	201 356	202 425	209 571	227 468	233 746	242 418

¹ Særskild omregulering for 2021 med verknad frå 1. mai 2021.

3 Faktorar som påverkar realinntektsutviklinga og kjøpekrafta til pensjonistar

3.1 Innleiing

Gjennom reguleringa av pensjonane vert den nominelle inntektsutviklinga til pensjonistane bestemt. For å finne realveksten må ein ta omsyn til prisutviklinga. Både den nominelle og den reelle inntektsutviklinga vert også påverka av endringar i pensjonsreglane. Når ein også tek omsyn til skatt, kjem utviklinga i kjøpekrafta til pensjonistane til syne.

Dette punktet gjer greie for realvekst i alderspensjon der ein berre tek omsyn til konsekvensane for realveksten av reguleringa etter dei ordinære reglane, jf. punkt 3.2. Punkt 3.3 gjer greie for endringar i skattereglane for pensjonistane. Punkt 3.4 gjer greie for den samla verkna den på kjøpekrafta til pensjonistane.

3.2 Realvekst i alderspensjon

Etter fleire år med høg reallønnsauke minka veksten i 2014 og 2015, og i 2016 fekk lønns-

takarane ein stor reallønnsnedgang, sjå tabell 3.1. Mellom 2017 og 2019 var reallønnsaukinga igjen svakt positiv. Reallønnsaukinga i 2020 var på 1,8 prosent og i 2021 var det nullvekst. I 2022 og 2023 fekk lønnstakarane ein reallønnsnedgang på 1,4 og 0,3 prosent. I revidert nasjonalbudsjett 2025 vert det anslått ein reallønnsauke på 2,4 prosent i 2024 og 1,6 prosent i 2025. Den gjennomsnittlege årlege reallønnsaukinga sett under eitt vert anslått til 0,9 prosent for perioden 2011–2025.

Realveksten i alderspensjonen har fram til 2021 følgt lønnsveksten, men med eit fråtrekk på 0,75 prosent. Anslaget for gjennomsnittleg årslønnsvekst i revidert nasjonalbudsjett vart lagt til grunn, justert for eventuelle avvik mellom forventta og faktisk lønnsvekst dei siste to åra. Samla lønnsvekst som er lagd til grunn i reguleringa, avvik difor frå den faktiske lønnsveksten, og det gjer at det ikkje berre er fråtrekket på 0,75 prosent som påverkar skilnaden i realveksten i lønningar og pensjonar.

Realveksten i pensjonane var positiv i perioden 2011–2014. I perioden 2015–2018 var veksten

Tabell 3.1 Utvikling i prisar, lønningar og alderspensjon 2011–2025. Prosent

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	Gjennomsnitt 2011–2025
Nominell lønnsvekst ¹	4,2	4,0	3,9	3,1	2,8	1,7	2,3	2,8	3,5	3,1	3,5	4,3	5,2	5,6	4,4	3,6
Prisvekst ²	1,2	0,8	2,1	2,0	2,1	3,6	1,8	2,7	2,2	1,3	3,5	5,8	5,5	3,1	2,8	2,7
Real-lønnsvekst	3,0	3,2	1,8	1,1	0,7	-1,8	0,5	0,1	1,3	1,8	0,0	-1,4	-0,3	2,4	1,6	0,9
Realvekst i alderspensjon ³	2,7	2,4	0,9	0,9	-0,4	-1,8	-0,9	-0,8	0,2	0,0	0,3	-1,6	1,3	1,4	0,6	0,3

¹ Historiske tal 2011–2024. Lønnsveksten for 2024 kan verte revidert. Anslag frå Revidert nasjonalbudsjett 2025 for 2025.
² Historiske tall 2011–2024. Brot i serien mellom 2015 og 2016. Anslag frå Revidert nasjonalbudsjett 2025 for 2025.
³ Realvekst i alderspensjon gjeld alderspensjon utover minstenivået og vert i reguleringa justert for avvik mellom anslått og faktisk vekst i tidlegare år.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå og Finansdepartementet.

negativ, då også realveksten i lønningane var svak eller negativ. I perioden 2019–2021 var det svak positiv eller nullvekst. Veksten var negativ i 2022, då realveksten i lønningane også var svak. Vidare var det ein realvekst på 1,3 prosent i 2023 og 1,4 prosent i 2024. Det vert pårekna realvekst på 0,6 prosent i 2025. På bakgrunn av anslaga for 2024 og 2025 er den gjennomsnittlege realveksten i alderspensjon i perioden 2011–2025 anslått til 0,3 prosent.

3.3 Endring av skatt i 2025

I budsjettforliket med SV vart minste pensjonsnivå for einslege auka med 6 000 kroner frå 1. mai. For å framleis sikre at det ikkje vart betalt skatt på dette nivået, vart maksimalt beløp og innslagspunktet for nedtrapping i trinn 1 for det særskilde skattefrådraget for pensjonsinntekt auka. Innslagspunktet for nedtrapping i trinn 2 vart også auka for å målrette skatteletten mot låge og middels høge pensjonar.

Maksimalt beløp for det særskilde skattefrådraget for pensjonsinntekt i 2025 vart 36 000 kroner, mens innslagspunktet for nedtrapping av pensjonsskattefrådraget vart 276 400 kroner i trinn 1 og 422 950 kroner i trinn 2. Nedtrappingssatsane vart førte vidare uendra på høvesvis 16,7 prosent og 6,0 prosent.

I tillegg vart det i statsbudsjettet for 2025 gjort moderate endringar i personskattereglane. Endringane rører også ved alderspensjonistar.

Mellom anna vart personfrådraget auka frå 88 250 kroner i 2024 til 108 550 kroner i 2025. Dette må sjåast i samanheng med at øvre grense i minstefrådraga i løn/trygd vart redusert frå 104 450 kroner i 2024 til 92 000 kroner i 2025. Øvre grense i minstefrådraget i pensjon vart redusert frå 86 250 kroner i 2024 til 73 150 kroner i 2025. Trinnskatten i trinn 3 til 5 vart auka. I formuesskatten vart botnfrådraget i trinn 1 auka frå 1 700 000 kroner i 2024 til 1 760 000 kroner i 2025. Botnfrådraget i trinn 2 vart auka frå 20 mill. kroner til 20,7 mill. kroner.

Slik pensjonistar er definerte som sosioøkonomisk gruppe i Statistisk sentralbyrås skattemodell LOTTE-Skatt, vart det anslått at pensjonistar med låg og middels bruttoinntekt (under om lag 700 000 kroner) fekk ein lette i inntektsskatten på om lag 675 mill. kroner av dei endringane som kan reknast i modellen. Pensjonistar med høg

samla bruttoinntekt fekk ein auke i inntektsskatten på om lag 40 mill. kroner.

3.4 Vekst i utbetalt pensjon for ulike hushaldstypar

Tabell 3.2 viser utrekna vekst i utbetalt pensjon og realvekst før og etter skatt for einslege og ektepar med minsteyting og for einskilte utvalde hushaldstypar for 2024 og 2025. Ein føreset at hushalda berre har inntekt i form av pensjon og trygd, berre har standard frådrag og ikkje har skattepliktig formue.

Nominell auke i minste pensjonsnivå for 2024 for einslege og ektepar der begge har minsteyting var på 4,6 prosent. For andre alderspensjonar var det også ein nominell vekst på 4,6 prosent.

Berekna realvekst før og etter skatt for einslege og ektepar med minsteyting for 2024 er 1,4 prosent.

Tabell 3.2 inneheld også utrekningar for einslege alderspensjonistar med ein pensjon på høvesvis 300 000 kroner og 600 000 kroner og for pensjonistektepar med ei samla inntekt på høvesvis 650 000 kroner og 850 000 kroner. Berekna realvekst etter skatt i 2024 er 1,6 prosent for einslege med ei inntekt på 300 000 kroner og 1,5 prosent for einslege med ei inntekt på 600 000 kroner. Ektepar med ei samla inntekt på 650 000 har ein berekna realvekst etter skatt i 2024 på 1,5 prosent, og ektepar med ei samla inntekt på 850 000 kroner har ein berekna realvekst etter skatt i 2024 på 1,5 prosent.

I 2025 vert det pårekna ein nominell vekst i minste pensjonsnivå for einslege på 4,9 prosent. For andre alderspensjonar vert det pårekna ein nominell vekst på 3,4 prosent. Anslaget for minsteytingane gjeld minste pensjonsnivå i den gamle oppteningsmodellen. Veksten i uføretrygda vert anslått til 4,82 prosent. Veksten for einsleg ufør med minsteyting vert anslått til 5,8 prosent, mens det for ektepar der begge har minsteyting vert anslått 5,9 prosent.

Realvekst før og etter skatt vert anslått til 2,1 prosent for minste pensjonsnivå for einslege. For andre alderspensjonistar vert det anslått ein realvekst før skatt på 0,6 prosent. Endringane i det særskilde skattefrådraget for pensjonsinntekt aukar realveksten etter skatt for låge og middels høge pensjonar.

Tabell 3.2 Berekna årleg vekst i pensjon og trygd for utvalde hushaldstypar¹. Prosent

Pensjon/trygd	2024			2025 ²		
	Nominell vekst	Realvekst før skatt	Realvekst etter skatt	Nominell vekst	Realvekst før skatt	Realvekst etter skatt
Einsleg, alderspensjon, minsteyting	4,6	1,4	1,4	4,9	2,1	2,1
Ektepar, alderspensjon, begge minsteyting	4,6	1,4	1,4	3,4	0,6	0,6
Einsleg, 300 000 kr	4,6	1,4	1,6	3,4	0,6	1,4
Einsleg, 600 000 kr	4,6	1,4	1,5	3,4	0,6	0,7
Ektepar, 400 000 + 250 000 kr	4,6	1,4	1,5	3,4	0,6	1,0
Ektepar, 550 000 + 300 000 kr	4,6	1,4	1,5	3,4	0,6	1,0
Einsleg ufør, minsteyting ³	6,2	3,0	2,8	5,8	2,9	2,7
Ektepar ufør, begge minsteyting ³	6,3	3,1	2,9	5,9	3,0	2,8

¹ Det er føresett at hushalda berre har inntekt i form av pensjon og trygd, berre har standard frådrag og ikkje har skattepliktig formue. Det siste inneber at endringar i formuesskatten ikkje påverkar berekna realvekst etter skatt. For minsteytingane i alderspensjon er minste pensjonsnivå (gammal alderspensjon) lagt til grunn.

² Utrekningane er baserte på vekstfaktorane i revidert budsjett 2025, jf. Meld. St. 2 (2024–2025).

³ Uføre som mottek minstesats i januar 2023 fekk ei skattefri eingongsutbetaling på 3 000 kroner i 2023. Denne eingongsutbetalinga er ikkje medrekna i tala og kjem i tillegg. I berekna årleg vekst for uføre som får minsteyting er det teke omsyn til at minstesatsen for uføretrygd auka med 0,049 G frå 1. juli 2024.

Kjelde: Finansdepartementet.

4 Inntektsutvikling blant den eldre delen av befolkninga


Dette punktet presenterer statistikk som klargjer utviklinga i samla inntekt for den eldre delen av befolkninga i perioden 2013–2023. 2023 er siste tilgjengelege år for tal for inntekt. Tala i dette punktet kjem også fram i rapporten «Arbeid, pensjon og inntekt i den eldre befolkningen. Rapport fra Pensjonspolitisk arbeidsgruppe 2025».

Mange i aldersgruppa over 62 år står framleis i arbeid, og mange kombinerer arbeid med pensjonsuttak. Samtidig er det ei gruppe som berre får alderspensjon, og ein del får andre ytingar frå det offentlege. Det er difor viktig å sjå på samla inntekt, ikkje berre alderspensjon frå folketrygda.

Ved å følgje inntektsutviklinga for bestemte aldersgrupper over ein periode får ein innsikt i korleis inntekta til den eldre befolkninga er i dag samanlikna med tidlegare. Utviklinga ein ser ved å samanlikne inntekta til aldersgruppene over tid vil påverkast av at samansetjinga av gruppene også blir endra over tid, og at ein dermed samanliknar personar med ulik grad av pensjonsopptening, yrkesinntekt, utdanningsnivå osv. Utviklinga vil også påverkast av endringar i regelverk. Stati-


stikken i dette punktet seier derfor ikkje noko om korleis den einkilde si inntektsutvikling har vore, men statistikken supplerer punkt 3 og punkt 5 i meldinga. Punkt 3 klargjer faktorar som påverkar utviklinga i realinntekt og kjøpekraft for pensjonistane når ein berre tek omsyn til regulering, prisutvikling og endringar i skattereglar. Det gir altså eit bilete av korleis inntekta utviklar seg over tid for personar som berre har motteke alderspensjon i perioden. Samtidig vil mange ha supplerande pensjonsytingar til alderspensjon frå folketrygda, som vil kunne avvike i utvikling samanlikna med alderspensjon frå folketrygda og ordningar som følgjer reguleringsinstruksane i folketrygda. Punkt 5 tek for seg utviklinga i talet på minstepensjonistar og utviklinga i låginntekt blant alderspensjonistane. I punktet her blir det også vist til fleire artiklar frå Statistisk sentralbyrå som har følgt inntektsutviklinga til einkilde årskull over tid, som klargjer inntektsutviklinga til den eldre befolkninga frå eit ytterlegare perspektiv.

Ved utgangen av 2023 var det 1 225 012 personar som var 62 år eller eldre. Figur 4.1 illustrerer



Figur 4.1 Samansetjing av gjennomsnittleg samla inntekt for personar 62–85 år i 2023. Tusen kroner

Kjelde: Statistisk sentralbyrå



Figur 4.2 Median av samla inntekt etter skatt i 2023. Tusen kroner

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

samansetjinga av samla inntekt for alle som var 62 år eller eldre i 2023, fordelt etter alder. Samla inntekt er stort sett fallande med auka alder. 62-åringane hadde ei gjennomsnittleg inntekt på rundt 750 000 kroner før skatt, medan tilsvarende nivå for 75-åringane var rundt 465 000 kroner. Skattereglane handsamar pensjonsinntekt lempeligare enn yrkesinntekt, og dette kombinert med eit progressivt skattesystem gjer at inntektsskilnadene mellom aldersgruppene er mindre når vi måler etter skatt. Yrkesinntekt er summen av lønnsinntekter og netto næringsinntekter i løpet av kalenderåret. Inntekta til 62-åringane etter skatt utgjorde 71 prosent av samla inntekt før skatt i 2023, medan tilsvarende del for 75-åringane var 81 prosent.


Yrkesinntekta utgjer den viktigaste inntektskomponenten fram til fylte 67 år. For 67-åringane utgjer yrkesinntekt og alderspensjon om lag like stor del av samla inntekt, rundt 30 prosent kvar. Alderspensjon omfattar berre alderspensjon frå folketrygda.

Viss ein samanliknar den eldre befolkninga med den yngre, så ser ein at inntektsnivået er høgare blant den yngre delen av befolkninga enn blant den eldre delen, sjå figur 4.2, som viser median av samla inntekt etter skatt for ulike aldersgrupper i 2023. Median av samla inntekt etter skatt seier noko om korleis kjøpekrafta er for medianen i kvar aldersgruppe, det vil seie den personen som ligg midt i inntektsfordelinga for den aktuelle aldersgruppa. Medianinntekta er jamt minkande

med alder, og det er størst relativ endring frå 62–66 år til 67–69 år sidan mange går ut av arbeidslivet i denne perioden. Medan arbeidsinntekt er hovudinntekta for dei som er under 62 år, er pensjon hovudinntekta for dei som er 67 år og eldre.

Ved å samanlikne utviklinga i kjøpekraft for den eldre delen av befolkninga med utviklinga for resten av befolkninga får ein eit bilete av korleis utviklinga for den eldre delen av befolkninga har vore relativt til andre aldersgrupper. Figur 4.3 viser realveksten i median av samla inntekt etter skatt for utvalde aldersgrupper i perioden 2013–2023. Realveksten i medianinntekt etter skatt har vore sterkast i aldersgruppene 75 år og eldre. For dei eldste aldersgruppene er høgare pensjonar som følgje av økt pensjonsopptening ei viktig årsak, samtidig som tidleg uttak av alderspensjon og levealdersjustering trekkjer i motsett retning for årskulla fødte 1944 og seinare. I dei eldste aldersgruppene, der prosentdelen minstepensjonistar er høgare, kan auka minstenivå ha bidratt til realvekst i median samla inntekt.

Aldersgruppa 62–66 år har hatt om lag same, men noko høgare auke i kjøpekrafta dei siste ti åra samanlikna med aldersgruppene 50–59 år og 60–61 år, og sterkare enn aldersgruppa 40–49 år. For aldersgruppene 67–69 år og 70–74 år er veksten nær null i perioden. Dette må sjåast i samanheng med at dei første årskulla som fekk høve til tidleg uttak av alderspensjon frå 2011, no i stor grad har hatt avgang frå arbeid. Uttaksmønsteret for desse årskulla medfører isolert sett lågare inntekt når




Figur 4.3 Realvekst i median av samla inntekt etter skatt frå 2013 til 2023. Prosent

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

ein samanliknar med inntektsnivået for dei som er fødte 10 år tidlegare, og som ikkje hadde høve til uttak av alderspensjon før fylte 67 år.


Også når vi berre ser på perioden 2018–2023, har realveksten i inntekt vore høg for dei eldste aldersgruppene, samanlikna med dei i alderen 62–74 år. Aldersgruppa 96 år og eldre har hatt den sterkaste veksten i inntekt før og etter skatt, sjå figur 4.4. Denne aldersgruppa inneheldt relativt få personar, og ein stor prosentdel var minstepensjo-

nistar. Den sterke veksten for denne gruppa heng saman med at Stortinget fleire gonger etter 2018 har gjort vedtak som har påverka satsane for minste pensjonsnivå, utover reguleringa. Frå 2019 vart det vedteke ein auke av den særskilde satsen for einslege med 4 000 kroner. I 2021 vart det vedteke to ytterlegare auke av den særskilde satsen for einslege med 4 000 kroner og 5 000 kroner. I 2023 vart det vedteke ein ytterlegare auke med 4 000 kroner.



Figur 4.4 Realvekst i median av samla inntekt før og etter skatt frå 2018 til 2023. Prosent

Kjelde: Statistisk sentralbyrå



Figur 4.5 Årleg realvekst i median av samla inntekt etter skatt. Prosent

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Veksten for aldersgruppa 62–66 år er relativt sett ein del svakare når ein ser på perioden 2018–2023, enn når ein ser på perioden 2013–2023. I 2018 har høve til tidleg uttak av alderspensjon frå folketrygda og høve til å kombinere full jobb og full pensjon blitt fasa inn. Det har også vore ein nedgåande trend i andelen som tek ut alderspensjon frå folketrygda før fylte 67 år.

I aldersgruppene 60–61 og 62–66 år er arbeid hovudinntektskjelda. Skilnaden mellom realvekst i inntekt før og etter skatt er liten for desse gruppene. Også dei eldste aldersgruppene har hatt vekst i inntekt før skatt. Høgare inntekt før skatt gjer at fleire betaler skatt av inntekta, og at gjennomsnittsskatten er høgare. Realveksten i inntekt etter skatt vert då relativt sett noko lågare. Realveksten i inntekt etter skatt vil også vere påverka av skatteendringar i perioden. For aldersgruppene 67–69 år og 70–74 år har det vore ein låg positiv vekst i samla inntekt, både før og etter skatt. At veksten for aldersgruppa 70–74 år er lågast kjem truleg av at tidleguttak av alderspensjon gjev ei lågare årleg yting, og mange har valt å ta ut alderspensjonen før fylte 67 år.

Sjølv om realveksten i perioden 2013–2023 har vore god for mange aldersgrupper, har den årlege veksten vore varierende. Figur 4.5 viser årleg realvekst i medianinntekt etter skatt frå 2018 til 2023. Som det går fram av figuren var det ein realvekst i inntekt etter skatt for alle aldersgrupper 60 år og eldre frå 2018 til 2019, og frå 2022 til 2023. Utviklinga i åra 2019 til 2022 var svakare og delvis nega-

tiv. Dette har samanheng med sterk prisvekst i perioden.

Innfasinga av høvet til uttak av pensjon før fylte 67 år har bidrege til lågare årleg vekst i alderspensjon frå folketrygda. Det tekniske utrekningsutvalet for inntektsoppgjera (TBU) viser i rapporten sin for 2025 (NOU 2025: 4) at utviklinga i gjennomsnittleg alderspensjon sidan 2011 har vore svak for aldersgruppa 62–66 år. Eit fleirtal i denne aldersgruppa har likevel hatt yrkesinntekt ved sida av alderspensjonen slik at utviklinga i samla inntekt har vore god. Dei som tek ut alderspensjon før fylte 67 år, får likevel lågare årleg alderspensjon resten av livet enn om dei hadde venta med uttak til 67 år. Innfasing av dei som har høve til uttak frå fylte 62 år, gjev difor utslag i særleg låg årleg vekst i gjennomsnittleg alderspensjon for aldersgruppene 67–69 år og 70–74 år dei seinaste åra.

SSB-rapporten «Kombinasjon av tidligpensjon og arbeid» (SSB, 2020) har følgt 1949-kullet og sett på utviklinga deira i inntekt og formue i perioden 2012 til 2018. I 2012 kombinerte nesten ein av fem 63-åringar yrkesaktivitet med alderspensjon, og fleirtalet var menn. Rapporten viser at personar som kombinerte yrkesaktivitet og alderspensjon i 2012, i utgangspunktet hadde eit mykje høgare inntektsnivå enn andre, også samanlikna med yrkesaktive utan alderspensjon i 2012. Denne skilnaden heldt seg fram til 67 års alder før han stort sett vart utlikna då dei aller fleste gjekk ut av arbeidslivet og fekk alderspensjon som viktigaste


inntektskjelde. Yrkesinntektene i dei to gruppene av yrkesaktive var relativt like i perioden, så skilnaden mellom dei kom i all hovudsak frå uttaket av alderspensjon. Valet mellom å ta ut tidleg alderspensjon ved sida av yrkesaktivitet eller ikkje i 2012 ser ikkje ut til å ha skapt skilnader i formuessituasjonen, sjølv om dei som har kombinert arbeid og pensjon, har hatt eit høgare inntektsnivå i den aktuelle perioden.

SSB-artikkelen «Høy inntektsvekst for eldre» (SSB, 2019) viser også at den eldre befolkninga har hatt god inntektsvekst. I tillegg til å samanlikne inntekta blant den eldre befolkninga på tvers av årskull ser rapporten også på korleis inntekts-samansetjinga og samla inntekt endrar seg med alder for det same årskullet (1947-kullet). Rapporten viser at median av samla inntekt etter skatt held seg meir eller mindre rundt 300 000 over heile aldersløpet frå 60 til 70 år.

SSB-artikkelen «Mindre inntekter, men større formue for pensjonistene» (SSB, 2022) følgjer eit bestemt årskull i ein periode for å studere utviklinga i inntekt og formue blant personar i pensjonsalder. Artikkelen følgjer 1944-kullet frå dei var 67 år i 2011 til dei var 75 år i 2019. Artikkelen finn at overgangen til pensjonsalder fører til ein realinntektsnedgang for eldre, men at det ikkje ser ut til at denne aldersgruppa begynner å tære på formuen, sidan formuen fortset å auke også etter dei blei 67 år. Realinntektsnedgangen blir forklart med reguleringa av alderspensjon under utbetaling, og det gradvise bortfallet av yrkesinntekter. Eit

skattesystem som skattlegg lønnsinntekt hardare enn alderspensjon, med blant anna lågare trygdeavgift og skattefrådrag på alderspensjon, trekkjer i motsett retning. Artikkelen ser også på korleis inntekt og formue fordeler og utviklar seg for ulike grupper i alderskohorten, og finn i hovudsak ein fallande inntekts- og formuesulikskap i perioden.

SSB-artikkelen «Større økonomisk ulikhet blant seniorer» (SSB, 2024) omhandlar inntekts- og formuesutvikling blant eldre. Seniorar mellom 55 og 66 år og seniorar 75 år og eldre har hatt ein relativt god inntektsvekst samanlikna med den vaksne befolkninga (25 år og eldre) mellom 2012 og 2022. Mesteparten av inntektsveksten skjedde fram til 2016 og har deretter stagnert eller falt. Samtidig vises det at eldre mellom 67 og 74 år har opplevd ein svak realinntektsnedgang dei siste åra fram til 2022, og særleg gjeld dette for eldre mellom 70 og 74 år. Denne gruppa hadde ein medianinntekt i 2022 som var 3 prosent lågare enn medianinntekta i 2017. Vidare vart det gjort analyser av inntektsfordelinga for ulike aldersgrupper i 2022 samanlikna med 2012. Blant 55–66-åringane auka avstanden frå botn til midten av fordelinga, som viser at dei med lågast inntekter relativt sett hadde lågare inntekter i 2022 enn i 2012. Avstanden mellom midten og toppen auka og, men ikkje like mykje. Dette tyder på at endringa i inntektsulikskap blant 55–66-åringane hovudsakleg skuldast at dei med lågast inntekt hadde lågare inntekt relativt til midten av fordelinga i 2022 enn i 2012. Endringar i inntektsulikskap i aldersgruppa



Figur 4.6 Realvekst i median av samla inntekt før og etter skatt frå 2013 til 2023 for personar som er 62 år eller eldre, fordelt på desil. Prosent

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

67–74 år skuldast hovudsakleg at dei på toppen av inntektsfordelinga auka inntektene meir enn dei på midten. Blant personar som er 75 år og eldre hadde ikkje avstanden mellom toppen og midten av inntektsfordelinga auka i betydeleg grad, medan avstanden mellom botnen og midten av fordelinga hadde auka noko.

Inntektsutviklinga fordelt på grupper med ulikt inntektsnivå er vist i figur 4.6. Figuren viser auken i kjøpekraft for den eldre befolkninga fordelt på ulike desil. Ei desilfordeling for samla inntekt betyr at populasjonen er delt i 10 intervall på ein slik måte at kvart intervall inneheld like mange personar. Desil 1 referer til dei 10 pro-

sentane som har lågast inntekt, desil 2 til dei 10 prosentane som har nest lågast inntekt, osv.

Alle inntektsdesilane har hatt ein auke i kjøpekraft i perioden. Realinntektsveksten har vore relativ høg blant dei som har lågast samla inntekt. Dei tre lågaste desilane, dvs. dei 30 prosentane som har lågast samla inntekt, har hatt ein realvekst i median av samla inntekt etter skatt på om lag 9–11 prosent i perioden 2013–2023, medan desil 4–10 har hatt en realvekst på om lag 4–6 prosent. At realveksten har vore høgare for dei som har lågast samla inntekt, reflekterer truleg auken i minstepensjonen i perioden.

5 Minste pensjonsnivå og låginntekt blant alderspensjonistane

Dette punktet rapporterer om utviklinga i talet på mottakarar av minste pensjonsnivå og om utviklinga i låginntekt blant alderspensjonistane.

Ved utgangen av 2024 var det 121 170 minstepensjonistar blant alderspensjonistane. Den langsiktige trenden er at talet på personar som får minste pensjonsnivå, er fallande. Frå 2011 til 2024 har prosentdelen av minstepensjonistar blant alle alderspensjonistar felle frå 24,8 til 11,4. Tabell 5.1 viser utviklinga i tal på og prosentdel minstepensjonistar dei siste fem åra. Det var 12 086 færre minstepensjonistar i 2024 enn i 2023. Det er ein nedgang på om lag 9 prosent. At talet på minstepensjonistar har auka i 2021 heng saman med heving av satsane for minste pensjonsnivå. Når minstesatsane vert heva, vert fleire alderspensjonistar omfatta av det nye minstenivået. Dette er typisk alderspensjonistar med alderspensjon som tidlegare har vore litt høgare enn minste pensjonsnivå. Minstepensjon kan ikkje takast ut før fylte 67 år. For å kunne ta ut alderspensjon før fylte 67 år krevst det at oppteninga er tilstrekkeleg høg for at pensjonsnivået ved 67 år minst svarer til minste

pensjonsnivå for einslege. Høve til uttak av alderspensjon frå fylte 62 år har gjeve fleire pensjonistar og difor isolert sett bidrege til ein lågare prosentdel med minstepensjon slik det vert målt her, dei første åra etter 2011.

Tabell 5.1 illustrerer den fallande prosentdelen som får minste pensjonsnivå. Han viser også at det er store kjønsskilnader blant mottakarane av minste pensjonsnivå. Den fallande prosentdelen kan dels forklarast med at yngre årskull har høgare opptening til alderspensjon. I den nye oppteningsmodellen vert ikkje garantipensjonen fullt ut avkorta mot opptent inntektpensjon, og dei aller fleste som har jobba noko, motteke pensjongsjevande ytingar eller fått omsorgsopptening, vil få ein pensjon som er høgare enn garantipensjonsnivået.


Kvinner utgjer fleirtalet av dei som får minste pensjonsnivå. I 2011 hadde 39,8 prosent av kvinnelege alderspensjonistar minste pensjonsnivå, medan prosentdelen hadde gått ned til 18,6 i 2024. Prosentdelen av mannlege alderspensjonistar med minste pensjonsnivå har også felle sidan

Tabell 5.1 Tal på og prosentdel minstepensjonistar ved utgangen av året

	2020	2021	2022	2023	2024
<i>Antall</i>					
Kvinner	118 083	123 994	113 459	111 230	100 651
Menn	20 164	22 529	21 064	22 026	20 519
Totalt	138 247	146 523	134 523	133 256	121 170
<i>Andel</i>					
Kvinner	23,5	24,2	21,8	21,0	18,6
Menn	4,2	4,6	4,2	4,3	3,9
Totalt	14,1	14,6	13,2	12,8	11,4

Med minstepensjonistar siktar ein her til alderspensjonistar over 67 år som får den garanterte minste alderspensjonsytinga frå folketrygda, såkalla minste pensjonsnivå. For mottakarar av AFP i privat sektor reknar ein med den livsvarige delen av AFP-ytinga i den samla pensjonen når ein vurderer om den einskilde skal reknast som minstepensjonist. For alderspensjon som er utrekna etter nye oppteningsreglar, har berekna minste pensjonsnivå bytt namn til garantipensjon. Dette gjeld delvis for årskulla 1954–1962 og fullt ut for årskull fødde etter 1962 som får ei minsteyting frå 2021 og seinare.

Kjelde: Arbeids- og velferdsdirektoratet



Figur 5.1 Prosentdel minstepensjonistar av alle alderspensjonistar. Kjønn og alder. Desember 2024

Kjelde: Arbeids- og velferdsdirektoratet

2011, men nedgangen har ikkje vore like stor sidan utgangsnivået var vesentleg lågare enn for kvinner. I 2024 hadde 3,9 prosent av mannlege alderspensjonistar minste pensjonsnivå. Det er ein nedgang på 2,9 prosentpoeng sidan 2011.

Reduksjonen i talet på mottakarar av minste pensjonsnivå kjem primært av at yngre kvinnelege alderspensjonistar har meir opptening til pensjon samanlikna med dei eldre årskulla. Det ser ein tydeleg når ein undersøker skilnaden mellom yngre og eldre årskull.

Blant kvinnelege alderspensjonistar som var 85 år og eldre, fell 42,2 prosent inn under definisjonen minstepensjonist. For menn i tilsvarende aldersgruppe var prosentdelen 8,4. For kvinnelege og mannlege alderspensjonistar i aldersgruppa 67–69 år var den same prosentdelen høvesvis 1,6 og 1,4, sjå figur 5.1.


Dersom utrekna alderspensjon er lågare enn satsen for minste pensjonsnivå, vert det gjeve ulike tillegg i alderspensjonen, og ein mottakar kan få fleire tillegg. Tillegga som vert ytte, er «pensjonstillegg», «sært tillegg», «individuell minstenivåtillegg» og «minstenivåtillegg for pensjonistpar». Figur 5.2 viser utviklinga i talet på mottakarar av dei ulike tillegg til alderspensjonen.

Sært tillegg vert ytt til mottakarar som er fødte i 1943 eller tidlegare, og som er omfatta av den gamle ordninga. Det var 40 487 som fekk dette tillegg i 2024. Talet på mottakarar av særtillegget har sidan 2011 og fram til utgangen av 2024 gått ned med om lag 75 prosent.

Pensjonstillegg vert gjeve ved førstegongshandsaming av alderspensjonen, avhengig av sivilstatus og eventuell pensjon til ektefelle. I perioden har det vore ein auke i talet på mottakarar, og ved utgangen av 2024 var det 105 260 personar som fekk pensjonstillegg. I samanheng med innføringa av etterlatteligg frå januar 2024, fekk personar som hadde fått auka pensjon (tilleggspensjon) som følgje av etterlatterettar, rekna om pensjonen sin basert på eiga opptening. Dette innebar at fleire fekk innvilga pensjonstillegg som følgje av at dei fekk redusert tilleggspensjon når avdøde si opptening ikkje lenger vart inkludert i utrekninga. Desse fekk samtidig eit etterlatteligg slik at pensjonsnivået vart oppretthalde på same nivå som før omrekninga. Omrekninga er årsaka til den betydelege auken i pensjonstillegg frå januar 2024.

Individuell minstenivåtillegg vert ytt dersom nivået på alderspensjonen fell under minstenivået etter førstegongshandsaminga, til dømes ved regulering av pensjonar eller ved endringar av sats. Utviklinga i talet på mottakarar av individuell minstenivåtillegg har hatt ei varierende utvikling i perioden, men hovudtrenden er at talet på mottakarar er fallande. Stigningane kan forklarast med hevingane av satsane i 2015, 2016, 2019 og 2021. Individuell minstenivåtillegg er det tillegget som vert ytt til flest mottakarar av minste pensjonsnivå.

Talet på mottakarar av minstenivåtillegg for pensjonistpar har hatt ein svak nedgang gjennom perioden. Ytinga vert gjeven for å oppfylle garan-




Figur 5.2 Tillegg med utgangspunkt i minste pensjonsnivå. Tal. Desember 2011–2024

Dei aller fleste mottakarane av tillegg inngår som minstepensjonistar i statistikken, men det er nokre unntak. Alderspensionistar som berre får tillegg for pensjonistpar, er ikkje medrekna. Somme mottakarar av pensjonstillegg kan få ein alderspensjon som overstig minstenivået, på grunn av uttakstidspunkt og regulering. I slike tilfelle vert dei ikkje rekna som minstepensjonistar. Ei anna årsak kan vere mottak av AFP i privat sektor, ettersom det er summen av alderspensjon og AFP i privat sektor (utanom kompensasjonstillegg) som avgjer om den einskilde vert rekna som minstepensjonist.

Kjelde: Arbeids- og velferdsdirektoratet

tien om at pensjonistpar samla sett ikkje skal ha ei pensjonsutbetaling under dobbel såkalla ordinær sats.

Figur 5.3 viser utviklinga i låginntekt blant alderspensjonistane. Låginntekt er her målt på den såkalla EU-skalaen, der låginntekt er definert



Figur 5.3 Prosentdel med låginntekt blant alderspensjonistane¹ 2010 til 2023. Prosent

¹ Frå 2021 endra SSB definisjonen av minstepensjonist. Fram til 2020 vart minstepensjonistar definerte som personar som får pensjon på minste pensjonsnivå, eller som får sært tillegg eller pensjonstillegg. Frå 2021 er definisjonen i utgangspunktet den same som NAV bruker, men SSB ekskluderer mottakarar som er busett i utlandet og mottakarar på institusjon. Ein må minst vere 67 år for å kunne definierast som minstepensjonist. Berre alderspensjonistar 67 år og eldre er inkludert for å samanlikne same aldersgruppe som minstepensjonistane.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

som eit beløp som svarer til 60 prosent av medianinntekta til heile befolkninga. Nivået på minstepensjonane har lege under låginntektsgrensa i heile perioden. Når prosentdelen med låginntekt, også blant einslege minstepensjonistar, er lågare enn 100, kjem det av at ein del har andre inntekter og/eller overføringar.

Prosentdelen med låginntekt blant alderspensjonistar over 67 år har vore svakt fallande sidan pensjonsreforma. I 2023 var om lag 10 prosent av alderspensjonistane over 67 år definerte som å ha låginntekt. Prosentdelen med låginntekt er som venta høgare blant minstepensjonistane enn blant andre alderspensjonistar i same aldersgruppe. Om lag 40 prosent av minstepensjonistane er definerte som å ha låginntekt. Statistisk sentralbyrå har frå 2021 endra definisjonen av minstepensjonist. Auka i prosentdelen med låginntekt frå 2020 til 2021 er derfor vanskeleg å tolke. Frå 2022 til 2023 vart andelen med lavinntekt blant minstepensjonistane samla redusert med om lag 2,5 prosentpoeng. Prosentdelen med låginntekt er klart høgare blant åleinebuande enn blant dei som bur saman med nokon. Dette gjeld pensjonistar generelt, men særleg minstepensjonistane. Blant åleinebuande *minstepensjonistar* var det omtrent 78 prosent som hadde låginntekt i 2022, medan prosentdelen var om lag 70 prosent i 2023. Den tilsvarende prosentdelen med låginntekt for åleine-

buande *alderspensjonistar* var om lag 22 prosent i 2023.

Prosentdelen med låginntekt blant minstepensjonistane fall frå 2010 til 2011, men har vore svakt aukande etter 2011. Prosentdelen med låginntekt blant minstepensjonistane fall også i perioden før 2010, særleg i perioden 2006–2010. Dette kjem av at gode trygdeoppgjer og opptopping av minstepensjonane har gjort at veksten i minstepensjonen har auka meir enn medianinntekta i samfunnet. Prosentdelen med låginntekt for einslege minstepensjonistar auka i perioden 2011–2015, men frå 2015 til 2022 har prosentdelen med låginntekt for einslege minstepensjonistar vore relativt stabil. Frå 2022 til 2023 falt prosentdelen med om lag 8 prosentpoeng, til om lag 70 prosent. Ein del av årsaka til dette kan ha vore ein auke i minstepensjonsnivået i 2023, kombinert med at reguleringa av alderspensjon og satsar for minstepensjon var høgare enn veksten i lønningane dette året.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet

t i l r å r :

Tilråding frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet 6. juni 2025 om regulering av pensjonar i 2025 og inntektstilhøve for pensjonistar blir send Stortinget.

Vedlegg 1

Forskrift 6. mai 2011 nr. 465

Utskrift fra Lovdata - 28.05.2024 07:08



Forskrift om beregning av lønnsveksten som skal benyttes ved regulering av grunnbeløpet og alderspensjon i folketrygden

Dato	FOR-2011-05-06-465
Departement	Arbeids- og inkluderingsdepartementet
Avd/dir	Pensjonsavdelingen
Publisert	I 2011 hefte 5
Ikrafttredelse	01.05.2011
Sist endret	FOR-2022-04-01-501
Gjelder for	Norge
Hjemmel	LOV-1997-02-28-19-§1-4, LOV-1997-02-28-19-§19-14, LOV-1997-02-28-19-§20-18
Kunngjort	10.05.2011 kl. 14.40
Rettet	03.05.2021 (tegnsetting i lister tilpasset universell utforming)
Korttittel	Forskrift om beregning av lønnsveksten

Figur 1.1

Utskrift fra Lovdata - 28.05.2024 07:08

Innholdsfortegnelse

Forskrift om beregning av lønnsveksten som skal benyttes ved regulering av grunnbeløpet og alderspensjon i folketrygden.....	1
Innholdsfortegnelse	2

Figur 1.2

Utskrift fra Lovdata - 28.05.2024 07:08

Hjemmel: Fastsatt ved kgl.res. 6. mai 2011 med hjemmel i lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd (folketrygdloven) § 1-4, § 4-4 femte ledd, § 19-14 og § 20-18. Fremmet av Arbeidsdepartementet.

Endret ved forskrifter 11 mai 2012 nr. 414, 5 des 2014 nr. 1513, 4 sep 2020 nr. 1718, 30 april 2021 nr. 1322, 19 nov 2021 nr. 3225 (med virkning fra 1 mai 2021), 1 april 2022 nr. 501.

Rettelser: 03.05.2021 (tegnsetting i lister tilpasset universell utforming).

§ 1. Virkeområde

Forskriften inneholder nærmere bestemmelser om beregning av lønnsveksten som skal benyttes ved reguleringen av

- a. grunnbeløpet etter folketrygdloven § 1-4 første ledd,
- b. restpensjon etter folketrygdloven § 19-14 første ledd,
- c. pensjon under utbetaling etter folketrygdloven § 19-14 andre ledd,
- d. satsene for minste pensjonsnivå etter folketrygdloven § 19-14 tredje ledd,
- e. pensjonsbeholdning etter folketrygdloven § 20-18 første ledd,
- f. pensjon under utbetaling etter folketrygdloven § 20-18 andre ledd og
- g. satsene for garantipensjon etter folketrygdloven § 20-18 tredje ledd.

§ 2. Lønnsvekst i reguleringsåret og avvik mellom forventet og faktisk lønnsutvikling siste to år

Til grunn for reguleringen legges forventet lønnsutvikling i reguleringsåret, justert for eventuelt avvik mellom forventet og faktisk lønnsutvikling siste to år.

Forventet lønnsutvikling i reguleringsåret settes lik regjeringens anslag for veksten i gjennomsnittlig årslønn for alle sektorer slik det framkommer i revidert nasjonalbudsjett.

Faktisk lønnsutvikling for siste to år settes til veksten i gjennomsnittlig årslønn for lønnstakere under ett ifølge nasjonalregnskapet fra Statistisk sentralbyrå.

Det skal vurderes om det foreligger særlige forhold som har påvirket lønnsutviklingen for enkeltgrupper, og om effekten av dette skal holdes utenfor ved beregningen av lønnsveksten.

0 Endret ved forskrifter 11 mai 2012 nr. 414 (i kraft straks med virkning fra 1 mai 2012), 1 april 2022 nr. 501.

§ 2a. Særskilt om fastsettelse av forventet lønnsutvikling for 2020

Forventet lønnsutvikling for 2020 settes til 1,7 prosent.

0 Tilføyd ved forskrift 4 sep 2020 nr. 1718.

§ 3. Beregning av lønnsveksten som skal benyttes ved reguleringen

Dersom den faktiske lønnsveksten er høyere eller lavere enn forventet lønnsvekst siste to år (avvik), skal det fastsettes en samlet lønnsvekst for forventet lønnsutvikling, justert for avviket. Ved fastsettelsen av den samlede prosentvise årslønnsveksten (sl) skal det først tas hensyn til avvikene (a1 og a2) i prosentpoeng og deretter til den forventede prosentvise lønnsvekst (f) i inneværende år: $sl = ((1 + a1/100) \times (1 + a2/100) \times (1 + f/100) - 1) \times 100$.

Samlet årslønnsvekst, avvik og forventet lønnsvekst fastsettes i prosent med to desimaler.

Nytt grunnbeløp fra 1. mai settes slik at den prosentvise veksten i det gjennomsnittlige grunnbeløpet fra forrige kalenderår til inneværende kalenderår blir lik samlet årslønnsvekst.

Med lønnsveksten etter § 1 menes den prosentvise økningen i grunnbeløpet fra april til mai i inneværende år som følger av beregningen omtalt ovenfor. Lønnsveksten fastsettes med to desimaler.

0 Endret ved forskrift 11 mai 2012 nr. 414 (i kraft straks med virkning fra 1 mai 2012).

Forskrift om beregning av lønnsveksten som skal benyttes ved regulering av grunnbeløpet og alderspensjon i folketrygden

Side 3

Utskrift fra Lovdata - 28.05.2024 07:08

§ 3a. Lønnsvekst som skal benyttes ved reguleringen i 2021

Lønnsveksten som skal benyttes ved regulering av folketrygdens alderspensjon under utbetaling etter § 19-14 andre ledd og § 20-18 andre ledd i 2021, fastsettes slik at pensjonene ved regulering får en vekst tilsvarende det som er nødvendig for at årsveksten blir lik årsveksten i grunnbeløpet. Lønnsveksten som skal benyttes ved regulering av minsteytelsene etter § 19-14 tredje ledd og § 20-18 tredje ledd i 2021, fastsettes slik at reguleringen fra 1. mai 2021 blir lik reguleringen fra 1. mai 2021 etter første punktum.

Første ledd gjelder også ytelser fra lovfestede offentlige tjenestepensjonsordninger som reguleres med et fast fratrekk med 0,75 prosent. Det samme gjelder ytelser som reguleres med et fast fratrekk med 0,75 prosent etter lov 16. desember 2011 nr. 60 om pensjonsordning for stortingsrepresentanter og regjeringsmedlemmer, lov 13. desember 1946 nr. 21 om krigspensjonering for militærpersoner, lov om 13. desember 1946 nr. 22 krigspensjonering for hjemmestyrkepersonell og sivilpersoner, lov 12. desember 1958 nr. 10 om yrkesskadetrygd og forskrift 23. august 2013 nr. 1006 om pensjonsordning for sametingsrepresentanter.

0 Tilføyd ved forskrift 30 april 2021 nr. 1322, endret ved forskrift 19 nov 2021 nr. 3225 (med virkning fra 1 mai 2021).

§ 4. Prisvekst i reguleringsåret og avvik mellom forventet og faktisk prisvekst året før reguleringsåret

Til grunn for reguleringen legges forventet prisvekst i reguleringsåret justert for eventuelle avvik mellom forventet og faktisk prisvekst året før reguleringsåret. Forventet prisvekst settes lik anslaget i konsumprisene slik det framkommer i revidert nasjonalbudsjett. Faktisk prisvekst for året før reguleringsåret settes lik veksten i konsumprisindeksen (KPI) fastsatt av Statistisk sentralbyrå.

0 Tilføyd ved forskrift 1 april 2022 nr. 501.

§ 5. Drøfting med organisasjonene

Før fastsetting av lønnsveksten som skal benyttes i reguleringen av grunnbeløpet og alderspensjonen, skal tallgrunnlaget som beskrevet i § 2 drøftes med pensjonistenes, de funksjonshemmedes og arbeidstakernes organisasjoner. Med pensjonistenes organisasjoner menes organisasjoner som får statstilskudd etter forskrift 31. oktober 2012 nr. 1016 om tilskudd til pensjonistenes organisasjoner.

0 Endret ved forskrifter 5 des 2014 nr. 1513, 1 april 2022 nr. 501 (tidligere § 4).

§ 6. Ikraftsetting

Forskriften trer i kraft 1. mai 2011.

0 Endret ved forskrift 1 april 2022 nr. 501 (tidligere § 5).

Forskrift om beregning av lønnsveksten som skal benyttes ved regulering av grunnbeløpet og alderspensjon i folketrygden
Side 4

Vedlegg 2**Forskrift 23. mai 2025 nr. 837**

Utskrift fra Lovdata - 27.05.2025 10:08



Forskrift om grunnbeløp, reguleringsfaktorer, satser for minste pensjonsnivå og satser for garantipensjon i folketrygden fra 1. mai 2025 og virknings-tidspunkt for regulering av kravet til minsteinntekt for rett til ytelser etter folketrygdloven kapitlene 4, 8, 9 og 14

Dato	FOR-2025-05-23-837
Departement	Arbeids- og inkluderingsdepartementet
Avd/dir	Pensjonsavdelingen
Ikrafttredelse	23.05.2025, med virkning fra 01.05.2025
Endrer	FOR-2024-05-24-815
Hjemmel	LOV-1997-02-28-19-§1-4, LOV-1997-02-28-19-§19-14, LOV-1997-02-28-19-§20-18
Kunngjort	23.05.2025 kl. 14.15

Forskrift om grunnbeløp, reguleringsfaktorer, satser for minste pensjonsnivå og satser for garantipensjon i folketrygden fra 1. mai 2025 og ...

Side 1

Figur 2.1

Utskrift fra Lovdata - 27.05.2025 10:08

Innholdsfortegnelse

Forskrift om grunnbeløp, reguleringsfaktorer, satser for minste pensjonsnivå og satser for garantipensjon i folketrygden fra 1. mai 2025 og virknings-tidspunkt for regulering av kravet til minsteinntekt for rett til ytelser etter folketrygdloven kapitlene 4, 8, 9 og 14.....	1
Innholdsfortegnelse	2

Forskrift om grunnbeløp, reguleringsfaktorer, satser for minste pensjonsnivå og satser for garantipensjon i folketrygden fra 1. mai 2025 og ...

Side 2

Figur 2.2

Utskrift fra Lovdata - 27.05.2025 10:08

Hjemmel: Fastsatt ved kgl.res. 23. mai 2025 med hjemmel i [lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd \(folketrygdloven\) § 1-4 andre og fjerde ledd](#), [§ 19-14 åttende ledd](#) og [§ 20-18 åttende ledd](#). Fremmet av Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

§ 1.

Grunnbeløpet i folketrygden fastsettes til 130 160 kroner.

§ 2.

Reguleringsfaktoren etter [§ 19-14 første ledd](#) (lønnveksten) settes til 4,94 prosent. Reguleringsfaktoren etter [§ 19-14 andre ledd](#) settes til 3,71 prosent.

§ 3.

Fra 1. mai 2025 fastsettes satsene for minste pensjonsnivå etter [folketrygdloven § 19-8 tredje til sjette ledd](#) slik:

1. Lav sats etter tredje ledd fastsettes til 200 144 kroner
2. Ordinær sats etter fjerde ledd fastsettes til 231 645 kroner
3. Høy sats etter femte ledd fastsettes til 243 759 kroner
4. Særskilt sats etter sjette ledd bokstav a fastsettes til 279 933 kroner
5. Særskilt sats etter sjette ledd bokstav b fastsettes til 379 420 kroner

§ 4.

Reguleringsfaktoren etter [§ 20-18 første ledd](#) (lønnveksten) settes til 4,94 prosent. Reguleringsfaktoren etter [§ 20-18 andre ledd](#) settes til 3,71 prosent.

§ 5.

Satsene for garantipensjon etter [folketrygdloven § 20-9](#) fastsettes til 224 248 kroner for ordinær sats og til 242 418 kroner for høy sats.

§ 6.

Virkningstidspunktet for regulering av kravet til minsteinntekt for rett til ytelser etter [folketrygdloven kapitlene 4, 8, 9 og 14](#) settes til 2. juni 2025.

§ 7.

Forskriften trer i kraft straks og med virkning fra 1. mai 2025. Fra samme tid oppheves [forskrift 24. mai 2024 nr. 815 om grunnbeløp, reguleringsfaktorer, satser for minste pensjonsnivå og satser for garantipensjon i folketrygden fra 1. mai 2024 og virkningstidspunkt for regulering av kravet til minsteinntekt for rett til ytelser etter folketrygdloven kapitlene 4, 8, 9 og 14](#).

Forskrift om grunnbeløp, reguleringsfaktorer, satser for minste pensjonsnivå og satser for garantipensjon i folketrygden fra 1. mai 2025 og ...

Side 3

Figur 2.3

Vedlegg 3**Avtale mellom regjeringa og organisasjonane
av 20. juni 2022**

**Avtale mellom
regjeringen
og
pensjonistenes, de funksjonshemmedes og arbeidstakernes organisasjoner
om regulering av folketrygdens grunnbeløp og pensjoner**

1. Formål

Folketrygdens grunnbeløp og pensjoner skal i henhold til folketrygdloven §§ 1-4, 19-14 og 20-18 være gjenstand for årlig regulering. I tråd med forskrift 6. mai 2011 nr. 465 om beregning av lønnsveksten som skal benyttes ved regulering av grunnbeløpet og alderspensjon i folketrygden, fastsatt ved kongelig resolusjon, skal det tallgrunnlaget som benyttes ved reguleringen drøftes med pensjonistenes, de funksjonshemmedes og arbeidstakernes organisasjoner.

Formålet med denne avtalen er så langt det er mulig å sikre en felles forståelse mellom de undertegnede partene, av de forutsetninger som skal legges til grunn for reguleringen. Det skal også vurderes om det foreligger særlige forhold som det eventuelt skal tas hensyn til.

2. Representasjon

Drøftingen av det aktuelle tallgrunnlaget skal skje i møter mellom avtalepartene.

Organisasjonene kan stille slik representasjon:

▪ Pensjonistforbundet (SAKO-samarbeidet)	inntil 10 deltakere
▪ Senior Norge	inntil 2 deltakere
▪ Forsvarets seniorforbund	inntil 2 deltakere
▪ Landsforbundet for offentlige pensjonister	inntil 2 deltakere
▪ Funksjonshemmedes fellesorganisasjon	inntil 4 deltakere
▪ Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner	inntil 2 deltakere
▪ Landsorganisasjonen i Norge	inntil 2 deltakere
▪ Unio	inntil 2 deltakere
▪ Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund	inntil 2 deltakere
▪ Akademikerne	inntil 2 deltakere

Organisasjonene kan i tillegg stille med rådgivere. Arbeids- og inkluderingsministeren leder møtene på vegne av regjeringen.

3. Gjennomføring

I forkant av de årlige reguleringene gjennomgår organisasjonene og embetsverket i Arbeids- og sosialdepartementet rapporten "Om grunnlaget for inntektsoppgjørene" fra Det tekniske beregningsutvalget for inntektsoppgjørene (TBU), der blant annet gjennomsnittlig årslønnsvekst for lønnstakere under ett, samt prisvekst for foregående år, er gjengitt.

De årlige drøftingene gjennomføres i mai måned, etter at revidert nasjonalbudsjett er lagt fram, der regjeringens anslag for gjennomsnittlig årslønnsvekst for alle sektorer i inneværende år, samt anslått prisvekst, framkommer. Det avholdes to møter. På første møte legger organisasjonene fram sine forslag, og partene tar opp eventuelle særlige forhold som det eventuelt skal tas hensyn til. På det andre møtet drøftes tallgrunnlaget, herunder om det skal tas hensyn til særlige forhold som eventuelt ble tatt opp i første møte.

Det føres protokoll fra møtene mellom avtalepartene. Protokollen skal følge sakens dokumenter til Stortinget.

Figur 3.1

4. Ikrafttredelse og oppsigelse mv.

Denne avtalen trer i kraft straks og gjelder til og med 20. juni 2023 og videre for ett år om gangen hvis ikke en av partene sier den opp med minst tre måneders varsel. Fra samme tid opphører avtale datert 28. november 2014.

Oslo, 20. juni 2022

Arbeids- og inkluderingsdepartementet

Pensjonistforbundet

Senior Norge

Forsvarets seniorforbund

Landsforbundet for offentlig pensjonister

Funksjonshemmedes felleorganisasjon

Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner

Landsorganisasjonen i Norge

Unio

Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund

Akademikerne

Figur 3.2

Vedlegg 4

Protokoll frå møte 4. april 2025

PROTOKOLL

fra møtet 4. april 2025 mellom representanter for staten ved Arbeids- og inkluderingsdepartementet og representanter for Pensjonistforbundet, Forsvarets seniorforbund, Senior Norge, Landsforbundet for offentlige pensjonister, Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon, Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner, Landsorganisasjonen i Norge, Unio, Yrkesorganisasjonenes sentralforbund og Akademikerne hvor rapporten "Grunnlaget for inntektsoppgjørene 2025" av 28. mars 2025 fra Det tekniske beregningsutvalget for inntektsoppgjørene ble gjennomgått.

Følgende var til stede på møtet:

Pensjonistforbundet

Lars Nestaas

Forsvarets seniorforbund (FSF)

Per Anders Volden

Senior Norge

Jon Rognstad

Stig Klingstedt

Landsforbundet for offentlige pensjonister (LOP)

Karin Ståhl Woldseth

Wenche Sandlie

Funksjonshemmedes fellesorganisasjon (FFO)

Grete Crowo

Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner (SAFO)

Janne Skei

LO

Øystein Nilsen

Unio

Erik Orskaug

Fredrik Haugen

YS

Ørnulf Kastet

Akademikerne

Tom Erik Aabø

Figur 4.1

Det følger av regjeringens avtale med pensjonistenes, de funksjonshemmedes og arbeidstakernes organisasjoner at i forkant at de årlige drøftingsmøtene om trygdeoppgjøret skal organisasjonene og embetsverket i AID gjennomgå rapporten «Om grunnlaget for inntektsoppgjørene» fra TBU, hvor blant annet gjennomsnittlig årslønnsvekst for arbeidstakere under ett, samt prisvekst for foregående år er gjengitt. Siktemålet med dette er å oppnå en enighet om de forutsetningene som skal legges til grunn i drøftingsmøtene om trygdeoppgjøret i mai.

Av forskrift om beregning av lønnsveksten som skal benyttes ved den årlige regulering av grunnbeløpet og alderspensjon i folketrygden (forskrift 6. mai 2011 nr. 465) følger det at man skal ta utgangspunkt i den lønns- og prisveksten (konsumprisveksten) som legges til grunn i RNB.

RNB legges fram 15. mai. Hvilken lønns- og prisvekst man skal legge til grunn i trygdeoppgjøret 2025, er derfor ennå ikke kjent.

Av forskriften følger det videre at det skal skje en eventuell korrigering for den lønns- og prisveksten som har vært forut for reguleringsåret. For lønnsvekstens del skal det korrigeres for eventuelt avvik mellom forventet og faktisk lønnsutvikling de to årene forut for reguleringsåret, mens det for prisveksten skal justeres for et eventuelt avvik mellom forventet og faktisk prisvekst året før reguleringsåret.

I trygdeoppgjøret for 2024 ble det lagt til grunn en forventet årslønnsvekst fra 2023 til 2024 på 5,2 prosent, og en forventet årslønnsvekst fra 2022 til 2023 på 5,2 prosent.

TBUs rapport tabell 2.1 (s. 27) viser at den faktiske lønnsveksten fra 2023 til 2024 og 2022 til 2023 ble henholdsvis 5,6 prosent og 5,2 prosent. Det foreligger altså et avvik på 0,4 prosentpoeng for 2024 som det må tas hensyn til i år. Det foreligger ikke noe avvik for 2023, og det skal da ikke korrigeres noe for 2023.

Av forskriften følger det videre at det skal vurderes om det foreligger særlige forhold som har påvirket lønnsutviklingen for enkeltgrupper, og om effekten av dette skal holdes utenfor ved beregningen av lønnsveksten. Det foreligger ingen særlige forhold som skal hensyntas.

I trygdeoppgjøret for 2024 ble det lagt til grunn en prisvekst på 3,9 prosent.

TBUs rapport tabell 3.1 (s. 54) viser at den faktiske prisveksten i 2024 ble 3,1 prosent. Det foreligger da et avvik i prisveksten for 2023 på -0,8 prosentpoeng, som det skal korrigeres for i årets oppgjør.

Ovennevnte tall vil ligge til grunn for drøftingene om det tallgrunnlaget som skal legges til grunn ved trygdeoppgjøret 2025.

Figur 4.2

Det var enighet om at møtet i «engere utvalg» avholdes digitalt for framtidige trygdeoppgjør.

Oslo, 4. april 2025

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer.

Lars Nestaas
Pensjonistforbundet

Per Anders Volden
Forsvarets seniorforbund (FSF)

Jon Rognstad og Stig Klingstedt
Senior Norge

Karin Ståhl Woldseth og Wenche Sandlie
Landsforbundet for offentlige pensjonister (LOP)

Grete Crowo
Funksjonshemmedes fellesorganisasjon (FFO)

Janne Skei
Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner (SAFO)

Øystein Nilsen
LO

Erik Orskaug og Fredrik Haugen
Unio

Ørnulf Kastet
YS

Tom Erik Aabø
Akademikerne

Dag Holen
Arbeids- og inkluderingsdepartementet

Figur 4.3

Vedlegg 5

Protokoll frå møtene 19. og 22. mai 2025

Protokoll fra møtene 19. og 22. mai 2025**mellom****Regjeringen****og**

Pensjonistforbundet (SAKO-samarbeidet), Senior Norge, Forsvarets seniorforbund, Landsforbundet for offentlige pensjonister, Funksjonshemmedes fellesorganisasjon, Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner (SAFO-samarbeidet), Landsorganisasjonen i Norge, Unio, Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund og Akademikerne om tallgrunnlaget for regulering av grunnbeløpet og pensjoner i folketrygden fra 1. mai 2025

Følgende har vært til stede på ett eller flere av møtene:

Pensjonistforbundet (SAKO-samarbeidet): Jan Davidsen, Helga Hjetland, Bjørn Eriksen, Gerd Eva Volden, Arne Halaas, Merete J. Orholm, Bjørg-Karin B. Buttedahl, Lars Nestaas, Kjell Sture Bjørvig, Michael John Tung, Jan Bekkevold, Arne Klausen, Heidi Kvernevik, Aurora Davidsen, Jørund Hassel, Tove Britt Tidemann Andreassen, Inger-Marie Stokker, Trond Knudsen, Berly Lund Grønning, Gerd Eva Volden og Kjell Engebretsen,

Senior Norge: Jon Rogstad

Forsvarets seniorforbund: Jan Erik Thoresen og Trond Kotte

Landsforbundet for offentlige pensjonister: Rannveig Bærheim, Kari Kjenndalen, Karin Ståhl Woldseth og Wenche Sandlie

Funksjonshemmedes fellesorganisasjon: Eva Buschmann og Grete Crowo

Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner: Tom Tvedt, Erling Behrens, Mikkel Sibe, Henrik Dahl Jacobsen, Niclas Tokerud

Landsorganisasjonen i Norge: Ragnar Bøe Elgsaas og Trude Tinnlund.

Unio: Erik Orskaug, Endre Lien og Fredrik Haugen

Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund: Ørnulf Kastet

